



## Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, telefon  
Hege Brekke Hellesøe, 5557 2352

Vår dato  
25.04.2018  
Dykkar dato  
20.03.2018

Vår referanse  
2017/7874 421.4  
Dykkar referanse  
17/1210

Radøy kommune  
Radøyvegen 1690  
5936 Manger

### **Uttale til offentlig ettersyn av detaljregulering for Mangersvåg kloakkanlegg i Radøy kommune.**

Vi viser til brev av 20.03.2018 med varsel om offentlig ettersyn av detaljregulering av Mangervåg kloakkanlegg. Frist for uttale er 02.05.2018.

Planområdet omfattar del av etablert industriområde og tilstøytande areal ved Mangersvåg kai i Radøy kommune. Planforslaget legg til rette for å etablere nytt reinseanlegg for avløp i Manger- området. Nytt reinseanlegg skal erstatte 3 etablerte kommunale slamavskiljarar, og vil gi høve til å rydde opp i private utslepp i området.

I Kommunedelplan for Manger 2007- 2019 er planområdet avsett til noverande industri, hamn og mindre delar i nordaust til noverande vegareal og til framtidig gang/ sykkelveg. Deler av planområdet er regulert i reguleringsplan for Mangersvåg Industriområde plan ID 12601996000300 (industri, kai og trafikkområde).

#### **Fylkesmannen sine merknader**

Fylkesmannen si vurdering er at planarbeidet er godt gjennomarbeidd. Vi har berre nokre få merknader til framlegget.

#### Føresegn

I føresegn 4.2.3 står det at parkeringsareal ikkje skal inngå ved berekning av BYA. Fylkesmannen meiner at parkeringsareal skal med i berekning av BYA fordi dette er bestemt i Tek 17 § 5-2. Vi viser til rettleiar *Grad av utnytting – Beregnings- og måleregler*:

*Bebygd areal (BYA) beregnes med utgangspunkt i Norsk Standard NS 3940, men slik at parkeringsarealet inngår i beregningsgrunnlaget etter TEK10 § 5-7. Dette innebærer at nødvendig parkeringsareal på terreng regnes med ved beregningen av BYA.*

I ROS-analysen vert fleire trafikkrelaterte tema vurdert til å vere i gul sone. Det er foreslått som avbøtande tiltak at det som del av gjennomføringsplan for anlegget bør vurderast tiltak i form av restriksjonar på storbiltransport ved start og slutt på skuledagen. Fylkesmannen meiner at dette kan vere lurt å sikre i føresegna til reguleringsplanen.

Vi vil også gjere kommunen merksam på at fleire føresegn har fått nummer 4.2.1 og 4.2.2. Dette bør rettast opp.

ROS-analysen

Fylkesmannen si vurdering er at ROS-analysen er oversiktleg og i hovudsak lett å forstå. Det kan med fordel klargjerast kva type konsekvens det dreier seg om (liv og hele, miljø eller økonomi).

Vi ønskjer lykke til vidare med planarbeidet !

Med helsing

Egil Hauge  
fagdirektør

Hege Brekke Hellesøe  
rådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*